

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Att:

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale til søknad om konsesjon for bygging av Mauranger 2 kraftverk med overføringar - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev av 07.07.2022 med søknad om konsesjon for bygging av Mauranger 2 kraftverk med overføringar i Kvinnherad kommune i Vestland fylke (202211253).

Rolle, ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Tiltaket

Statkraft Energi AS søker konsesjon for opprusting/utviding av Folgefonnanlegga ved bygging av Mauranger 2 kraftverk og Blådal og Svartedal pumpestasjonar i Kvinnherad kommune i Vestland fylke.

Det vil bli hovudarbeidstad ved fjorden i Austrepollen og ved Markjelkevatnet. Begge stadar vil både riggar og tippar primært bli lokalisert i tilknytning til areal som frå tidlegare har vore påverka av anleggsaktivitet.

Føretrekt løysning for utløpstunnel er etablering av utløp ved dagens kai sør for Austrepollen. Tunnelen skal sprengast i sin heilheit frå tippområdet.

Det er spesielt fare for forureining i anleggsfasen, foreslått ei rekke avbøtande tiltak som vil kunne redusere konsekvensgraden.

Vår vurdering

I området der avlaupstunnelen munnar ut har vi registrert eit område der det fiskast med passive reiskap. Her er gode garnplassar for lyr, sei, hyse og sild. Vi har også registrert eit beiteområde/oppsigsplass for pigghå, og gyteområde for torsk. Havforskningsinstituttet har registrert eit lokalt viktig gytefelt her.

Det har dei siste åra vore nedgang i bestandane av kysttorsk og det er derfor viktig å ta omsyn til torsken sine gyteområde. Kysttorsken gyt i perioden januar-februar til april og yngelen bunnskår og veks opp i grunne område (0 – 20meter) i nærleiken av gytefeltet i perioden mai – juni. I dette tidsrommet er fisk og yngel ekstra utsett for ytre påkjenning, yngelen er særleg ømfintleg for steinstøv/partiklar frå sprenging og utfylling, og torskefisk er ekstra utsett for påverknad frå sprenging fordi dei har lukka svømmeblære.

Det er etter det vi kan sjå, på to område bygging av kraftverket kan påverke fjorden både i anleggs- og driftsfasen:

1. Utløpstunnel som munnar ut i Maurangerfjorden
 - a. Sprenging i anleggsfasen
 - b. Forureina vatn og partiklar som kjem ut i fjorden i anleggsfasen
 - c. Utløpstunnelen vil i driftsfasen føre ferskvatn ut i fjorden
2. Massedeponi nær kai ved Maurangerfjorden
 - a. Forureina vatn og partiklar som blir vaska ut i fjorden i anleggs- og driftsfasen

Foreslåtte avbøtande tiltak:

1. Utløpstunnel
 - a. Sprenging: Vi kan ikkje sjå at det er foreslått avbøtande tiltak når det gjeld sprenging. **Eit avbøtande tiltak kan vere å sprengje ei varselsprenging før ein startar å sprengje slik at ein skremmer vekk vaksen fisk. Eit anna avbøtande tiltak kan vere å unngå å arbeide i gyteperioden og når yngelen bunnskår frå januar til mai/juni, i dei delane av tunnelen der ristingar/lyd frå sprenging kan ha påverknad på torsk og yngel i fjorden. Havforskningsinstituttet har kunnskap om dette.**
 - b. Sprenging:
 - c. **Avrenningsvatn i samband med driving av tunnel bør reinsast før det kjem ut i fjorden, og det må søkast å unngå utslepp av miljøgifter som følgje av utslepp frå sprenginga.**
 - d. Samla tilførsle av ferskvatn til Maurangerfjorden vil ikkje endrast, men fordelinga over året vil bli noko endra. Det skal ikkje takast inn vatn som ikkje allereie utnyttast til kraftproduksjon i eksisterande utbygging. Utbygginga av Mauranger 2 vil derfor ikkje endre dagens vassføring i bekkar og elver som renn ut i fjorden. Dette vil gjere at det ikkje vil bli vesentleg endringar i ferskvasstilførsle til fjorden.
2. Massedeponi nær kai ved Maurangerfjorden
 - a. Her er det planlagt å endre bekkar slik at dei går rundt området der massane skal deponerast, slik at vatnet ikkje vaskar ut partiklar og anna frå massane.

Vi forventar at fokuset på avbøtande tiltak oppretthaldast slik at det blir minst mogleg negativ effekt frå tiltaket på fjorden og livet der i anleggs- og driftsfasen, også når det gjeld eventuelle andre påverknadskjelder enn dei vi har nemnt ovanfor.

Med helsing

Tom Hansen
konstituert seksjonssjef



Ingerid Bjørkevoll
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	Bergen
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	Bergen
Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen

